

Til

Lindås Kommune

Byggesaksavdelinga

v/ Anne Lise Molvik – saksbehandlar

Gjeld referanse 15/2239 – 15/27332 – Klage på vedtak.

Viser til vedtak i sak om utsleppsløyve for gbnr. 237/13 Totland.

Eg er takksam for rask tilbakemelding i saka etter ferien, og glad for at opplysningane om eigedomen min som fritidsbustad har ført til korrekt registrering og adresse i kommunen.

Ser likevel at eg sikkert ikkje har vore tydeleg nok i søknaden og i mi forståing av korleis kommunen sine utsleppsreglar er. Ønskjer difor å nytta meg av klageretten på vedtaket.

Slik eg forstår vedtaket om utsleppsløyve på vilkår i staden for å innvilga fullt utsleppsløyve, er dette knytt til at det i søknaden er oppgjeve at tømning skal skje med ferje. Eg har vore i den tru at naboeigedommen har vorte innvilga slikt løyve, og at det også for min eigedom ville vera den enklaste løysinga.

I ettertid har eg forstått at denne løysinga ikkje kan godkjennast av kommunen.

1. Eg ber difor om at søknaden om utsleppsløyve vert godkjent med den løysinga som er skissert i vedlegg frå Johny Birkeland Transport. I synfaring 3.9.15. viser det seg at Birkeland Transport AS kan følgje opp tømning på kvart 4.år med traktor, slik det skjer på mange andre eigedomar i kommunen.
2. Dersom det skulle vera spørsmål om ulike godkjenningsvilkår for eldre og nye anlegg, ber eg om at min eigedom vert å sjå på som eldre. Det har vore vassløysing og toalettløysing på bygget sidan dette var nytt på 1940 –talet. Ei utsleppsløysing som tilfredsstiller dagens krav om reinsing vil vera lett å få til med det nye anlegget som Totland Interesseseselskap i samarbeid med Lindås kommune har etablert med utslepp i Totlandsvik, og med ei ordinær tømmeordning som skissert i køyreseddel frå Johny Birkeland AS.

Bergen 4. september 2015.

Med von om at desse opplysningane kan endra vedtaket.

Med venleg helsing  
  
Lise Holsen

Vedlegg: Slamtømming Køyreseddel, Lindås kommune – Johny Birkeland AS